

<http://ww.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

2. søndag i openberringstida – 11. januar 2015

Preiketekst: Mark 1,3-11

Lesetekst I: 2 Mos 1,22-2,10

Lesetekst II: Ef 1,7-12

Også vi er vegryddarar

To slektningar møttest ved Jordanelva. Den eine har alt vorte ein populær vekkingspredikant. Folket strøymer til Johannes for å snu om på livet. Alt ved den underlege fødselen hans hadde folket i Judeafjella sagt med ærefrykt: "Kva skal det vel verte av dette barnet?" (Luk 1,66). Alle tenkte i sitt stille sinn at han kanskje var Messias, heiter det (Luk 3,15). Forventningsfaktoren var difor høg. Ambisjonsnivået til den vidgjetne predikanten var likevel eit anna. "Eg er ikkje Messias, men eg er send føre han", seier Johannes (Joh 3,27). I møte med sin seks månader yngre slektning vedkjenner Johannes: "Han skal veksa, eg skal minka" (Joh 3,30).

Mellommannen – profet og døypar

Johannes er ofte kalla mellommannen mellom den gamle og nye pakta. På den eine sida gjekk han inn i ei profetrolle, slik vi kjenner det frå GT: Han kalla menneske til bot og omvendning, slik at dei kunne få syndene tilgjevne. Preiketeksten peikar nettopp på dette som den eine sida ved forkynninga til Johannes (v. 4). Denne budskapet blir understreka ved Johannes sin livsførsel. Han både lærde og levde som ein profet. Klesdrakta hans minner om profeten Elia: "Ein hårete mann med eit skinnklede bunde om livet" (2 Kong 1,8).

Elia var profeten som ikkje døydde, men som vart teken opp til himmelen i ei eldvogn. (2 Kong 2). Det skjedde også frå Jordanelva. Etter jødisk tradisjon skal Elia kome attende og varsle at Messias kjem. Den jødiske påsketradisjonen har teke vare på dette perspektivet, når dei set døra på gløtt under måltidet - i tilfelle Elia skulle kome.

Men vi kjenner også tanken frå NT. Prestar og levittar frå Jerusalem vart send til Johannes for å høyre kven han var. Han nekta for at han var Messias. Då spurde dei om han kunne vere Elia. Han avviste også dette. I staden siterte han Jesaja-profetien om han som skal rydde veg for Herren. (Joh 1,19-23)

Johannesdåp og kristen dåp

Johannesdåpen må ikkje forvekslast med den kristne dåpen. Vi vert døypte til Jesu død og oppstode, altså ein dåp som gjev oss del i Guds frelse, forløysing og det nye livet. Ein slik dåp vart først mogleg etter Jesu oppstode. Johannesdåpen derimot er ei ytre stadfesting av reinsing og omvendning. I jødisk tradisjon kjenner vi dei såkalla "mikvene" – eller reinsingsbada. På sørsida av tempelområdet i Jerusalem kan vi mellom anna sjå korleis alle som skulle gjeste tempelberget, først måtte la seg reinse. Mikvene syner oss ei trapp ned i badet for dei ureine, skild frå trappa opp for dei reinsa.

Essearsamfunnet (eller "born av lyset", som dei gjerne kalla seg sjølve) var særleg nøye på forskriftene om reinsing. Essearane meinte at dei religiøse som rådde over tempelet i Jerusalem, ikkje lenger levde rett etter dei jødiske boda. Difor etablerte dei seg i egne samfunn. I Qumran finn vi i dag restane at eit essearsamfunn. Ved hjelp av utgravingane og skriftlege jødiske kjelder, veit vi at essarane var nøye både på nedteikning, overlevering av og lydnamn mot skriftordet. Det er difor neppe tilfeldig at vi nettopp her har funne dei eldste skriftlege nedteikningane av den hebraiske Bibelen. På grunn av essarane sin asketiske livsførsel, deira kall til bot og lydnamn, og deira geografiske plassering ved nordenden av Daudehavet, er det mange som meiner at Johannes sjølv må ha høyrte til dette samfunnet. Sjølv om vi kan sjå nokre parallellar, kan ein slik teori likevel ikkje stadfestast.

Det som imidlertid er klart, er at Johannes ikkje berre identifiserer seg med den profetiske fortida eller jødiske samtida. I den andre delen av talen sin, ser han framover: "Det kjem ein etter meg som er sterkare enn meg ... Han skal døype dykk med Den heilage ande" (v.7). Med dette ordet går Johannes ikkje berre inn i Jesaja- og Elia-tradisjonen, men heilt attende til Moses. Moses talar sjølv om ein annan profet som skal stå fram. Det er han Herren vil legge orda i munnen på og som folket skal høyre på og stå til rekneskap for (5 Mos 18,18f).

Det som byrjar i djupet ved Daudehavet med proklamasjonen av Guds Son som Herren elsker og har si glede i (v.11), vert gjenteke og fullendt på fjelltoppen i Galilea, men nettopp med følgjande tillegg: "Høyr han!" (Mat 17,5)

Døyparen eller Lubavitcher- rabbien?

I den jødiske saga er det mange proklamerte Messias-skikkelsar. På Jesu tid stod spørsmålet høgt på dagsorden. Landet var både okkupert og splitta. Høge skattar gjorde livet vanskeleg for mange. Dei religiøse retningane stod steilt mot kvandre. Difor ser vi ein lengt og ei von om at Messias - den salva profeten, presten, kongen og forløysaren – må kome.

Også i vår tid lever spørsmålet om Messias. På byrjinga av 1990-talet var det mange som sette sin lit til Lubavitcher-rabbien Schneerson. Med sin klokskap og religiøse innsikt, profetiske evne og helbredande kraft, vart den sjuande rabbien i Lubavitcherslekta utropt til Messias, slik dei også hadde lært at det skulle skje. Schneerson døydde i 1994. Likevel er det framleis nokre av læresveinane i Chabadrørsla som hevdar at han var Messias, og at han skal kome att som konge. På synagogeveggen like ved kyrkjesenteret vårt i Haifa, Beit Eliahu, heng det ein stor plakat med bilete av Schneerson der han vert hylla som konge.

Ein "stickers" bak på ein bil i Israel minna meg nyleg om at budskapet i denne messianske rørsle ikkje er så ulik Johannes-apellen: Omvend dykk, så de kan vera klar til å ta imot kong Messias. Forskjellen er likevel klår. For i teksten vår er det ikkje berre to utsegner frå mellommannen Johannes. Vi høyrer også eit tredje ord. Det er røysta frå ein open himmel over livet til ein ny mellommann.

Den nye mellommannen

Jesus er ikkje ein mellom mange "messiasar". Han er den eine. Han er Guds Son (jfr. Sal. 2,7), den eine og reine. Så kan vi sjølv sagt spørje kvifor Jesus let seg døype i eit reinsingsbad. Johannes stilte same spørsmålet (Mat 3,14). Jesus svarer at det må skje for å oppfylle all rettferd.

Guds rettferd er noko vi menneske aldri kan gjere oss fortente til om vi gjer bot eller angrar aldri så mykje. Guds rettferd kan vi berre ta imot som ei gåve, ved tru (Rom 3,21ff). For at dette skal skje, må den heilage og reine, sjølv ikle seg menneskeskapnad og bli lik oss. Jesu dåp handlar difor om inkarnasjonen sitt mysterium og identifiseringa si fullending: Gud blir menneske for vår skuld, og deler våre kår. Han som ikkje visste av synd, har Gud gjort til

synd for oss for å gje oss del i rettferda (2 Kor 5,21). Difor ber han også vår skuld og skam like fram til dom og straff.

Djupnene ved Jordan er starten på vegen mot høgdene i Jerusalem; vegen som til sist endar med oppstode og himmelfart.

Den trinitariske sendinga

Det er ikkje berre slektingane som møtest ved Jordanelva. Her møter Gud seg sjølv i eit vakkert trinitarisk samspel. Den Heilage Gud talar til oss og sender Sonen som menneske. Anden legg sine vengjer over han.

Slik Sonen er sendt, vert også vi sende. Med orda frå Den heilage. Med livet frå den oppstadne. Med krafta og utrustinga frå Anden (Joh 20,21-22). No er det vi som skal samle folket og rope ut budskapet om omvending og tilgjeving for syndene, for jøde først. Slik kan også vi vere vegryddarar for han som kom, kjem og skal kome.

Rolf Gunnar Heitmann

Cand.theol. og ordinert prest. Generalsekretær i Den Norske Israelsmisjon.

rolf@israelsmisjonen.no